

Styremøte 09.09.2021

Straumesvingen Vel

Tid: 09.09.2021, kl 21-22:30

Stad: Straumesvingen, Nedre Leikeplass

Følgjande var til stede:

Ane Birgitte Nødtvedt (styremedlem)

Algot Kristoffer Peterson (styremedlem)

Joachim Hvoslef Krüger (styremedlem)

Helge Berntsen (styremedlem)

Madelen Eide (vararepresentant) – på telefon

Norodd Løvås (vararepresentant)

1. Møteplan for resten av året

Styremøte månadsskiftet september/oktober om nødvendig med tanke på vidare arbeid med leikeplassar og VA.

28. Oktober: styremøte for å planlegge årsmøte

2. desember kl 19, Søreide Kyrkje (med atterhald om ledig): Årsmøte

2. Kontingent 2021

Status: 9 stk som fortsett ikkje har betalt i månadsskiftet. Ei siste purring blir sendt ut og lagt i postkasser før det blir sendt vidare til inkasso.

3. Regnskap

Status på dei ulike postane på budsjettet. Det er mykje midlar igjen på dei ulike postane utanom på leikeplassbudsjettet. På leikeplassbudsjettet har ein brukt rundt 80 000, der var det avsett 75 000. Det har vært veldig god driv på både Øvre og Nedre leikeplass i år og mange dugnadstimer er lagt ned. Det var semje i styret om å forskottere av det som er avsett til dekke på øvre leikeplass i budsjettet til innkjøp av materiale og leikeapparat til nedre leikeplass. Dette for å ferdigstillastørre del av leikeplassen når grunnarbeidet er gjort og det er bra driv i arbeidet. Det er folk i styret som har gjort mesteparten av oppgraderinga av Nedre og ein nokre vil truleg gå ut av styret neste år.

4. Opprusting av leikeplasser:

Øvre leikeplass: her er det gjort mykje bra arbeid i år og mange dugnadstimar lagt ut. Det er kjøpt inn materiale til resterande arbeid som er planlagt utført utover hausten som ferdigstilling av gjerde og leikeapparat (klatrestativ).

Nedre Leikeplass: Her manglar det leikeapparat og det var einigheit om å sjå på huskestativ og snekre eit klatrestativ på dugnad. Få inn Tress på synfaring angående huskestativ.

5. Skadedyr status

Status på skadedyrkontroll frå leverandør Pelias: siste servicereport (26/8) syner at fire av kontrollpunkt har blitt småspist av gnagar og nye åte har blitt lagt ut ved behov. Nabovarsling er utført ved merking av kontrollpunkt og strategisk på vegg. Anbefalingar frå Pelias er generelle førebyggjande råd mot skadedyr: ha det ryddig inne og ute, Klipp gras/busker på eigendomar for å hindre skjule plasser, unngå lagring inntil vegger/grunnmur, sjekk for moglege hol i luften ventiler på ringmur, sjekk at muse band mellom ringmur og kledning er tett, avgrens fuglemating om hausten. Det er Ratimor Dife voksblokker profesjonell som er lagt ut som mus og rottegift av Pelias.

6. Vann og avløp

Vidare utskiftingsplan og innhenting av anbod for skifte av vassrør. Legge ut på mitt anbod to av strekka som er foreslått å utbetre. Foreslått å ta opp på årsmøte er å opprette ein vass komité som leiast av styret der ein har med personar med erfaring/bakgrunn på VA for råd og diskusjonar.

7. AOB

Forslag har komme inn til styret om å støtte asfaltering øvste 10-15m av grussti frå Straumesvingen til nybebyggelse (Strømme Gård) over toppen som de gamle ikkje klarer å bruke, den blir utvaska ved kraftig regnvêr. Her er det blitt sjekka opp med Vestbo svaret er at det er regulert til sti og ikkje veg i reguleringsplanen. I tillegg er det velforeininga på Strømme Gård som har ansvaret for området og må vurdere utbetring. Styret har tatt kontakt med Vestbo om informasjon om det er oppretta velforeining no, tidlegare har det blitt uttalt frå Vestbo at velforeining først blir oppretta når området er ferdig bygd ut.

Forslag komt inn om å støtte litt økonomisk utbetring av felles uteområde i enden av flaten oppe. Det er ein liten flik ved sida av vegen som tilhører velforeininga. Her vedtok ein å støtte utgifter til grus på opptil 4000 NOK når resten av oppgraderinga blir gjort av naboane.

Forslag om trefelling på øvre leikeplass vart vedtatt å utsetje til neste år for ny vurdering.

Vedlegg:

Ideskisse for plan nedre leikeplass



- Barka område
- sandkasse
- 2Plank benk på mur
- Sti, rundstokker
- Sklie, gamle flyttet ned
- Sommerfuglbusk, kvit
- Disse
- Gjerde
- Klatrehus ala øvre, På sikt?
- Klatrevegg, på sikt?
- Balanseline/slackline